

til slutt

Torsdag 12. januar 2012



fredag 13: I morgon er det fredag 13. Dei som er overtruiske gjer såleis lurt i å stenge dører og vindauge, trekke for gardinene, slukke lyset og sitte heilt stille til det blir laurdag 14. Slik kan dei unngå svarte kattar over vegen, eller stigar til å gå under eller andre farlege ting som kan skape dei heilt store forviklingane. Men dagen er også

årets tulipandag. Så kanskje kan dei meir romantiske av oss bruke dagen som eit påskot til å ta med heim ein bukett tulipanar til ære for den vi har kjær? Vigra har vel forresten ei lysande fortid som tulipanøy. Så kanskje dagen også kan vere ein vigradag?

Tips oss: Tlf. 70 18 63 80 på vekedagar - 95 05 35 03 i helgane



NYTTÅRSKONSERT: Det er slik vokalist Tricia Boutté liker å starte året. Ein stor nyttårskonsert som kan samle så mykje folk. Boutté har jobba ilag med Ytre Suløens Jass-ensemble i ti år og dei har halde fleire nyttårskonsertar ilag med Sunnivakoret.

Foto: Carina Giskegjerde

Inspirerende musikkglede

Sunnivakoret satsa stort i giskehallen på Valderøya. Dei hadde likevel ingen problem med å samle fleire hundre publikumarar til konsert og fylle heile hallen med mykje energi.

CARINA GISKEGJERDE
carina@oyblikk.no

Kunstnarisk leiar og instruktør for Sunnivakoret Per Oddvar 'Prots' Hildre utfordra Taretausene til å vere med på eit ekstranummer dei aldri før hadde høyrte. Både han, Sunnivakoret, Taretausene, Tricia Boutté og Ytre Suløens Jass-ensemble bobla over av positiv energi og sørgja for ei særdeles levande formidling av musikkglede på nyttårskonserten i giskehallen.

Ny konsertoppleving

– Det var kjekt. Det var mektig. Vi har ikkje opptredd ilag med eit slikt kor før så vidt som eg kan hugse, seier Sissel Laxaa i Taretausene om den nye konsertopplevinga. Å bli kasta ut i eit ekstranummer som ho og dei andre tausene aldri før hadde høyrte synest ho berre var artig. Sunnivakoret kunne det godt og Prots stod der og mima til dei slik at Taretausene fekk henge på så godt dei kunne.



Kunstnarisk leiar og instruktør Per Oddvar 'Prots' Hildre med ei unik innleving.

Mykje publikum

– Prots er inspirerende og utruleg flink. Mange av oss har vore på seminar med han, fortel Laxaa før ho gjentar at han er utruleg dyktig. Taretausene hadde også planlagde fellesnummer ilag med Sunnivakoret, og før konserten fekk dei tid til å synge gjennom songane. Med stor innleving og svært godt humør var Prots ei tydelig energikjelde for heile 300 betalende gjester og ei fullsett scene med musikarar.

Imponerende soloar

Tribunebenkane dura av publikum som



Taretausene hadde egne musikkinnslag på konserten i tillegg til å ta planlagde og overraskande innslag ilag med Sunnivakoret.

heldt rytmen, ein lot seg rive med og sat på tribunen og spelte luftrommer når trommissen i Ytre Suløens Jass-ensemble heldt trommesolo frå scena. Soloane til Tricia Boutté og Ytre Suløens Jass-ensemble imponerte publikum gong etter gong og dei viste det med spontan applaus. Sissel Laxaa fortel at Taretausene har halde konsert ilag med Boutté og Ytre Suløens tidlegare også i høve 10-årsjubileet til tausene.

– Eg synest dei er fantastisk flinke, avsluttar Laxaa.

Grautatreff

Annankvar laurdag frå 28. januar startar grautatreffet opp igjen i bedehuskjellaren på Valderøya.
lurdag 28. januar
bedehuskjellaren,
Valderøya

Seniordans

Kvar måndag er det seniordans på formiddagstid på frivilligsentralen. Seniordans er for alle som har lyst til å bevege seg til musikk.

16. januar
Frivilligsentralen,
Valderøya

Cecilie Skog på Utsyn

Eventyraren Cecilie Skog frå Ålesund kjem til Fole Gøtt, Utsyn, for å halde foredrag om flotte naturopplevingar og treningsglede.

31. januar
Utsyn, Valderøya

Dansekveld

Johansbuda inviterer danseglade i kommunen til dansekveld med 60- og 70-talspop og dansebandmusikk. Det blir også danseemusikk på storskjerm.

lurdag 21. januar
Johansbuda, Valderøya

Retro-kafé

Valderøy Historielag inviterer til retro-kafé på Johansbuda. Her blir det mykje nostalgi og revyminne.

søndag 29. januar
Johansbuda, Valderøya

Trestokk-mimring

I februar 2002 vart det arrangert Trestokkfestival på Mjølner, og åtte lokale band deltok. I februar er det ti år sidan arrangementet, og no har gamalpopentusiastane lyst til å samlast for å mimre. Det blir vist film frå festivalen og det blir servert tidsriktig mat.

lurdag 4. februar
Johansbuda, Valderøya

Internasjonal kveld

Flyktningkontora i Giske og Ålesund inviterer alle til koltbord med rettar frå nesten alle kantar av verda.

torsdag 9. februar
Johansbuda, Valderøya

Sveletreff

Kvar måndag framover er det sveletreff i Valderøy kyrkje

måndagar
Valderøy kyrkje

UKM

Søndag 5. februar er det igjen klart for Ungdommens kultur-mønstring i Giske. Arrangørane reknar med storinnrykk i år også og håper på å slå rekorddeltakinga frå i fjor.

søndag 5. februar
giskehallen, Valderøya

Klippfisk-kveld

Valderøy Kystlag inviterer til klippfiskkveld med ein assortert klippfiskbuffé. Det blir også muntre innslag og foredrag om klippfisk.

lurdag 18. februar
Johansbuda, Valderøya

det skjer